



Arkivnr: 2014/16551-5

Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

**Saksframlegg****Saksgang**

Utvil	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.11.2015
Fylkestinget		08.12.2015

**Regional plan for vassregion Vest-Viken 2016-2021****Samandrag**

Den regionale planen for vassregion Vest-Viken er ein plan etter vassforskrifta. Delar av kommunane Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda ligg i vassregion Vest-Viken og fylkestinget gjør vedtak om den delen av planen som gjeld Hordaland. Alt Hordaland sitt areal i planen for vassregion Vest-Viken er på Hardangervidda aust for vasskillet. Mye av dette arealet har få påverknader og god vasskvalitet.

**Forslag til innstilling:**

1. Jamfør Plan- og bygningslovas § 8.4 vedtek fylkestinget følgjande dokument for dei areala som ligg i Hordaland:
  - a. Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016 – 2021 datert 2.11.15
  - b. Regionalt tiltaksprogram for vannregion Vest-Viken 2016 – 2021 datert 2.11.15
  - c. Handlingsprogram for vannregion Vest- Viken 2016 datert 2.11.15
2. Fylkestinget føreset at staten legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvalting og at plan- og bygningslova vert nyttå som eit sentralt instrumentet for samordna vassplanlegging.
3. Fylkestinget føreset i samband med plangodkjennung at statlege styresmakter gir ei samordna framstilling av prioriteringar og ambisjonsnivå for statlege sektorars/departement sin eigen oppfølging av planen.
4. Fylkestinget føreset at alle styresmakter det vedkjem nyttar planen som grunnlag for gjennomføring av tiltak, budsjettering og enkeltvedtak
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere ressursbehov for oppfølging av planen ved handsaming av årleg budsjett.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Vedlegg

1. [Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021](#)
2. [Handlingsprogram for vannregion Vest-Viken 2016](#)
3. [Regionalt tiltaksprogram i vannregion Vest-Viken 2016-2021](#)

NVE har i brev av 14. oktober 2015 varslet uenighet til planen. Uenigheten er gjengitt i planen. Uenigheten følger planen og avgjøres ved sentral godkjenning i Klima- og miljødepartementet.

[Brev fra NVE 14. oktober 2015 om uenighet til planen for Vest-Viken](#)

Alle dokument ligg på [www.vannportalen.no/vestviken](http://www.vannportalen.no/vestviken)

## Fylkesrådmannen, 27.10.2015

### Bakgrunn

Utarbeidning av regional vassforvaltingsplan er initiert av staten jamfør plan- og bygningslova § 8-1, 2. ledd. Vassforvaltingsplanen er utløyst av plikta etter EØS-avtalen og Norge si innlemming av EU sitt vassdirektiv gjennom «Forskrift om rammer for vassforvalting» (vassforskrifta). Planarbeidet vert styrt både etter Plan- og bygningslova og vassforskrifta. Formålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Vest-Viken. Vassdirektivet er eit miljødirektiv. Noreg har valt plan- og bygningslova(Pbl) som det planverktøyet som er best egna for å vurdere vassmiljøet i et heilskapleg regionalt perspektiv. Planen er den første av 3 slike planar for vassregionen. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033. Buskerud fylkeskommune er vassregionmyndighet og ansvarleg for planprosessen for vassregion Vest-Viken. Andre fylkeskommunar med areal i planen er Oppland, Vestfold, Telemark, Akershus, Aust-Agder, Hordaland og Sogn og Fjordane. Planarbeidet vert gjennomført etter fastsatt planprogram av 4. november 2011. Kvar fylkeskommune er planmyndighet for areal i eit fylke.

Arealet i Hordaland sin del av planen ligg på Hardangervidda aust for vasskiljet. Det gjeld for noko areal i Ulvik (Hallingdal vassområde), Eidfjord, Ullensvang og Odda (Aust-Telemark vassområde) og noko i Odda (Tokke-Vinje vassområde).



Figur 1 Kart over vassregion Vest-Viken

Planen for Vest-Viken består av tre dokument:

#### 1. Regional plan for vannforvaltning for vannregion Vest- Viken 2016- 2021

Planen er eit oversiktssdokument på regionalt nivå. Planen gjer greie for miljøtilstand i vassførekomstane, dei miljømåla ein ynskjer å oppnå innan visse tidsfristar. Dessutan har planen ei oppsummering av tiltak som er foreslått i tiltaksprogrammet. Planen legg ambisjonar i høve til korleis vassmiljøet og vassressursane

bør forvaltast i eit langsiktig perspektiv. Planen peiker på dei viktigaste utfordringane ein har jamfør å oppnå miljømåla.

## **2. Regionalt tiltaksprogram for vassregion Vest- Viken 2016 – 2021**

Tiltaksprogrammet er ei oppsummering av miljøpåverknader og innehold framlegg om tiltak som bør setjast i verk for å oppnå god eller særslig god miljøtilstand i vatnet.

Fullstendig oversikt over påverknader og tiltak er å finna på den nasjonale vann-databasen [www.vannnett.no](http://www.vannnett.no) (sjå også nedanfor om denne databasen)

## **3. Handlingsprogram for 2016**

Handlingsprogrammet (Pbl § 8.1) legg til grunn kva for oppfølging det er behov for i 2016 og kva for vidareføring som er aktuelt i 2017 og 2018. Plan- og prosessarbeid og tiltak innanfor fylkeskommunen sine ansvarsområde vil krevje ressursar. Det er også foreslått oppfølgingsarbeid som høyrer innunder kommunalt og statleg ansvarsområde. Dette av di dei er sentrale i høve til planen si måloppnåing. Vedteke handlingsprogram har som følgje at det må settast av ressursar.

### **Vann-Nett- nasjonal database for vassmiljø**

Vann-Nett er ein nasjonal database som staten har laga for å måle utvikling av vasskvalitet. Her vert vassmiljødata lagt inn. I tillegg til vassforvaltingsplanen og tiltaksprogrammet er Vann-Nett eit viktig verktøy i arbeidet med heilskapleg vassforvalting.

Miljøtilstand og forslag til tiltak vil endre seg avhengig av kva for tiltak som vert gjort og kva overvakinga syner i den enkelte vassførekomsten. Miljøtilstand og tiltak som går fram av vassforvaltingsplan med tiltaksprogram er på mange måte eit «augeblikksbilete»

### **Om Hordaland sin del av planen**

Areal i Hordaland inngår i totalt 121 vassførekomstar i Vest-Viken. Hordaland har 955,5 km<sup>2</sup> i vassregion Vest-Viken.

### **Risikovurdering for Hordaland sitt areal:**

Risikovurdering	Vassområde	Tal vassførekomstar
Ingen risiko	Hallingdal	13
	Numedalslågen	34
	Tokke-Vinje	16
	Øst Telemark	50
Ingen risiko Totalt		113
Risiko	Hallingdal	1
	Numedalslågen	6
	Tokke-Vinje	1
Risiko Totalt		8
Totalsum		121

### **Ingen risiko (Hordaland):**

Vannforekomst	Svært god tilstand	God tilstand	Totalt
Elv	58	15	73
Innsjø	38	2	40

### **Risiko vassførekomstar:**

Vassførekomstar i risiko-fordeling Sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) og naturleg i Hordaland:

Vassområde	Naturleg kSMVF SMVF	Tal
Hallingdal	SMVF	1
Numedalslågen	Naturlig	5
	SMVF	1
Tokke-Vinje	SMVF	1
Totalsum		8

**Naturlege vassførekomstar i risiko i Hordaland sin del:**

Vassområde	Vannforekomst ID	Vannforekomst-namn	Økologisk tilstand	Miljømål	Årsak til risiko	Tiltak
Numedalslågen	015-1243-R	Svartevatnet bekkefelt	Moderat tilstand	GØT 2027	Sur nedbør årsak til risiko	Kalking
		Dragøyfjorden bekkefelt		GØT 2027	Sur nedbør årsak til risiko	Kalking
	015-1247-R	Bekk mellom Dragøyfjorden og Svartavatnet		GØT 2027	Sur nedbør årsak til risiko	Problemkartlegging vf hvor det ikke kalkes
	015-1248-R	Bekk mellom Dragøyfjorden og Svartavatnet bekkefelt		GØT 2027	Sur nedbør årsak til risiko	Problemkartlegging vf hvor det ikke kalkes

**Sterkt modifiserte vassførekomtar:**

Vannområde	Vannforekomst ID	Vassførekomst-namn	Økologisk potensial	Miljømål 2021	Konkretisert miljømål	Regional prioritering regulerte vassdrag/ tiltak
Hallingdal	012-555-L	Finsevatnet	Moderat potensial	GØP	GØP - dagens tilstand	Uste-Nes i planperioden 2016-2021 Vilkårsrevisjon, økt vasslepp og endringar i manøvreringsreglement – <b>ingen konkrete tiltak for denne vassførekomsten spesielt</b>
Numedalslågen	015-415-L	Halnefjorden	Moderat potensial	GØP	Dagens tilstand er fungerande akvatisk økosystem	Utsetting av fisk
Tokke-Vinje	016-62-L	Ståvatn/Ulevåvatn	Moderat potensial	GØP	Sjølvreproduserande bestand av aure, som også er haustbar. Levedyktig bestand av andre artar (skjoldkreps)	Rullering av forvaltningsplanen for 2010-2015 Tokke-Vinje konsesjonen i planperioden 2016-2021 – revisjonsprosessen pågår Krav til sommervasstand og gradvis nedtapping i Ståvatn

Tiltaksprogrammet for Vest-Viken har få tiltak i Hordaland. Særleg viktig for Hordaland er førebyggande tiltak for å hindre at ørekryte spreiar seg til nye vatn og vassdrag. Dette er viktig for å ta vare på gode aurevatn på vestsida av vasskillet.

Om ørekryte står det i planen under påverknad –deloverskrift fremmede arter at: «Ørekryte fremstår som godt etablert i vannregionen og er vanskelig å bekjempe. Det er spesielt viktig at ørekryte ikke spres til vassdragene på Vestlandet. Tiltak på Hardangervidda er derfor svært viktig.»

For følgjande vassførekost i Ikkje-risiko er det verdt å merke seg at det er registrert eit tiltak (pilotperioden) mot ørekyte:

015-971-R	Holmetjønnan bekkefelt	Sperrefoss, sperrevoll Holmetjønna bekkefelt, Holmetjønnbekken/Sevra
-----------	---------------------------	--

#### Fylkesrådmannens vurdering:

Den regionale planen for vassforvalting i vassregion Vest- Viken med tiltaksprogram og handlingsprogram gir føringar for arbeid med å beskytte og betre vassmiljøet i regionen. Dette er eit stort og nytt nasjonalt arbeid med fokus på heilskapleg vassforvalting etter nedbørfeltinndeling og på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Planarbeidet er gjennomført i samsvar med og etter tidsplanen i planprogrammet og byggjer på eit godt nok kunnskapsgrunnlag. Planen er i samsvar med krava i vassforskrifta og plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan for vassregionen.

Sjølv om arbeidet er komplisert og krev nye måtar å samarbeide på, er dette eit miljøarbeid med mening for all samfunnsverksemd. Det er viktig å halde fram med arbeidet, styrke heilskapleg vassforvalting i planperioden og arbeide langsiktig fram mot 2033 då måla om god miljøtilstand i alt vatn skal vere nådd.

Det synest naturleg å nytte plansystemet i plan- og bygningslova aktivt for å samordne vassplanlegginga slik vassdirektivet krev. Vassressursane har stor betydning både for næringsutvikling og verneoppgåver. Arbeidet er ressurskrevjande, og føreset at alle aktørar følgjer opp jamfør sitt ansvar. Dette må også synleggjera i statlege styresmakter si oppfølging av forvaltingsplanen, og i statlege budsjett Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å vedta innstillinga for arealet i Hordaland.

Likelydande innstilling vert fremma i dei øvrige fylkestinga som høyrer til vassregion Vest- Viken